



FYLKESMANNEN I
MØRE OG ROMSDAL

hoppid.no®

Ny giv i bygda? Søk tilskot til bygdemobilisering innan 1. april 2018

Lag og organisasjonar kan få støtte til å drive lokalt mobiliseringsarbeid. Kva er bygdemobilisering, og er det aktuelt for din organisasjon?

Fylkesmannen i Møre og Romsdal vil invitere lag og organisasjonar til å søke om støtte til bygdemobiliseringsprosjekt. Bygdemobiliseringa er eit samarbeid mellom Fylkesmannen i Møre og Romsdal og entreprenørskapssatsinga hoppid.no.

Livskraftige lokalsamfunn

Målet med bygdemobilisering er å utvikle livskraftige lokalsamfunn der folk trivst og ungdom finn ei attraktiv framtid. Satsinga skal stimulere til auka trivsel, entreprenørskap og etablering av lokale arbeidsplassar, kort sagt: Medverke til at bygda også framover blir ein attraktiv buplass.

Entreprenørskap

Bygdemobilisering er ein del av hoppid.no der målet er fleire og betre nyetableringar. Det betyr at entreprenørskap og næringsutvikling, basert på ressursar i bygda, skal ha høg fokus i bygdemobiliseringsprosjekta. Å jobbe for utvikling av lokalt næringsliv og bidra til at folk startar egne bedrifter, skal vere eit sentralt mål. Hoppid.no har mange verkemiddel som kan nyttast i det arbeidet.

Samarbeid med kommunen

Eit bygdemobiliseringsprosjekt bør samarbeide tett med eigen kommune. Samstundes er det viktig at prosjektet ikkje tek over kommunen sitt ansvar for lokalsamfunnet. Prosjekt der bygd og kommune spelar på lag har størst sjanse for å lukkast, og det er viktig at eit slikt samarbeid vert dokumentert i søknaden.

Kven kan få støtte til bygdemobilisering?

Målgruppa for tiltaket er frivillege lag eller organisasjonar som vil ta tak for å skape nytt liv i eige lokalsamfunn. Prosjekta skal leggest opp breitt, og skal i størst mogleg grad involvere heile bygdesamfunnet. Programmet rettar seg mot heile fylket, utan særskild prioritering av nokon region eller område.

Kva kan bygda få ut av å vere med i prosjektet?

Bygder som blir tatt opp, kan få økonomisk støtte over 3 år, med opptil kr. 100 000,- per år. Eksempel på tiltak kan vere idédugnader, miljøtiltak, utgreiingsarbeid, studieturar osv.

Mobiliseringsarbeidet skal gjennomførast utan fast tilsett hjelp, men midla kan brukast til å dekkje arbeidskostnader til sekretariat, førebuing til møte, dugnadsinnsats osv. Bygdeutviklingsmidla er ikkje tenkt til fysiske investeringar, men til å gjennomføre prosessen, få ting til å skje.

Prosjekta vil gjennom hoppid.no bli inviterte til kurs, samlingar og anna nettverksarbeid som kan hjelpe prosjekta framover. Prosjekt som får støtte blir del av eit nettverk av mobiliseringsbygder rundt i fylket.

Krav til søknaden

Søknaden skal skrivast på elektronisk søknadsskjema som gjeld utgreiings- og tilretteleggingsmidlar, sjå www.fylkesmannen.no. I søknaden skal det gjerast greie for:

- Problemskildring og mål for prosessen
- Målgruppe og geografisk område
- Organisering og styring av prosjektet
- Samarbeidspartar
- Budsjett og handlingsplan, for heile perioden og for kvart år (størst krav til detaljar for det første året)

Andre krav:

- Det vert sett krav om betydelege lokale bidrag. Tilskotet kan ikkje utgjere meir enn 50 % av totalkostnadene med tiltaket. Eigeninnsats, kommunal støtte, eller bidrag frå lag og organisasjonar er døme på lokal finansiering som kan gå inn i budsjettet
- Prosjekt skal leiast av lokal styringsgruppe. Søknaden må gjere greie for styringsmodellen, og prosjektet pliktar å halde Fylkesmannen i Møre og Romsdal oppdatert om ansvarsforhold i prosjektet
- Kvart prosjekt skal kvart år arbeide ut ein rapport som viser aktivitetar, måloppnåing og ressursbruk
- Prosjekta må dele erfaringar med andre prosjekt, og samarbeide med offentlege og private aktørar der dette er naturleg

Du kan få meir rettleiing ved å vende deg til landbruksforvaltninga i kommunen eller fylkesmannen. Lenke til søknadsskjemaet ligg på fylkesmannen sine heimesider. Lokalt hoppid-kontor kan også bidra, særleg med hjelp til næringsutvikling.

Søknadsfrist 1. april 2018

Bruk elektronisk søknadsskjema på www.fylkesmannen.no/mr. Kontaktperson er Arnold Hoddevik, tlf. 71258577/91179866 fmmrarhd@fylkesmannen.no

